




# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr 4

Jol 2018

75. årgang



Soleglad over Fånefjorden. Foto: Jan-Vidar Mattingsdal

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt .....	s. 2
Konfirmantleir og konfirmasjonar .....	s. 3
Smørbukk til jol .....	s. 4
Jolekonsertar med Bygland Hornmusikk .....	s. 5
Gospelkonsert med Harlem Spirit of Gospel .....	s. 6
Innwendig måling av Sandnes kyrkje .....	s. 7
Novembersol over Sandnes kapell .....	s. 8
Førjolssamling i Sandnes kyrkje .....	s. 9
Gudstenesteliste, nye lysestakar, ætt skal fylgja ættarrad .....	s. 10
Bibeltime på Vonheim, tilsette og kontaktinformasjon .....	s. 11

# Andakt

## Sokneprest Kjell Steinbru

### Det sanne lyset som kom til verda.

Dette seier Jesus i Bergpreika, i Matteusevangeliet 5,13-16:

*De er saltet på jorda! Men mistar saltet si kraft, korleis skal det då bli gjort til salt att? Det duger ikkje lenger til noko; dei kastar det ut, og folk trakkar det ned.*

*De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast. Ingen tenner ei oljelampe og set henne under eit kar. Nei, ein set lampa på ein haldar; då lyser ho for alle i huset. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!*

Joletida er tida for pynting og dekorering, og mange er flinke til å lage den finaste jolestemning, også med stearinlys og utelys, noko som det berre blir meir og meir av. Når eg reiser heim frå den siste gudstenesta på jolaftan, slår eg gjerne på radioen i bilen og hører programmet «Kim alle klokker» i NRK P1. Her kan ein høre kyrkjeklokker frå heile landet ringe jola inn. Så vert det ein «Driving Home for Christmas» mens ein ser det eine huset etter det andre fyke forbi med jolenissar og imiterte istappar så ein skulle tru ein var komen ratt til Nordpolen.

I eit Facebookinnlegg eg såg

no i førjulstida vart vi oppmoda til ikkje berre å sjå på lysa, men sjølv vere lys for andre. Det synast eg var fint skrive! Akkurat det var det også Jesus ville seie oss i den teksten som eg her over har sitert ifrå Bergpreika.

Å vere lys for kvarandre er å følgje mykje av det som Jesus oppmoda oss til, og som også Paulus understreka i følgjande vers frå Kolosserbrevet: *Kled dykk i kjærleik, det bandet som bind saman og gjer fullkommen.* Å syne kjærleik handlar mellom anna om å følgje dei konkrete oppmodingane som Paulus skriv om i kjærleikens kapittel i 1 Korinterbrev 13.

Den første eigenskapen til kjærleiken han ramsar opp her er *tolmod*. Kjærleiken er tolmodig. Kunne vi berre vere litt meir tolmodige med kvarandre, så er vi faktisk med på å oppfylle Jesu formaning til å spreie lys ut i verda.

Og så står det i tekstavsnittet frå Bergpreika at lyset vårt skal skine for alle i huset. Eg tenker at her berer Jesus fram dei nære relasjonane, vår familie og dei vi er saman med til dagleg. Dessverre er det ofte sånn at dei vi skulle vere mest tolmodige med, er vi ofte minst tolmodige med.

Jesus gav oss Det dobbelte kjærleiksbodet, eller Dei to store boda, som det også kallast.

Der seier Jesus at vår kjærleik skal ha to retningar: Mot Gud og mot våre medmenneske. Å elske Gud tyder at vi skal ha respekt for Gud, og ha med oss Gud inn i våre liv.

Da skal vi også kunne leve som born av lyset, og vandre i det guddommelege Jesuslyset. I Johannesevangeliet sin versjon av joleevangeliet står det i Johannes ev.1,9: *Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.*

Dette er juleevangeliet. Jesus er det sanne lyset. Han er lyset i verda. Og hans guddommelege lys skinner inn i verda sitt mørke. Inn i våre liv og inn i vår kvardag.

Vi skal få leve i lyset, i dette guddommelege Jesus-lyset, så den som følgjer han, ikkje skal vandra i mørkret, men ha livsens lys.»

Avslutningsvis vil eg trekke fram eit Pauli ord frå 2 Korinterbrev 4,6: **For Gud, som sa: «Lys skal stråla fram frå mørkret», han har late det skina i våre hjarte, så kunnskapen om Guds herlegdom i Jesu Kristi andlet skal lysa fram.**

Så skal vi la vårt Jesus-lys også skine for andre!

Ei velsigna jolehøgtid til alle!

# Konfirmantleir

Tekst og foto: Kjell Steinbru



Bygland og Evje og Hornnes kyrkjelydar arbeider no meir og meir saman. Denne hausten vart eit nytt kapittel i dette samarbeidet skrive. Og det var at vi hadde ein konfirmantleir saman.

Evje og Hornnes har i mange år hatt ein oppgåande og aktiv leirkomité. I år vart den supplert med Kim Andre Nomeland Thorstensen frå Bygland. To prester var også med, Kristine Borgen og Kjell Steinbru. Elles er det Valborg Hauan som er primus motor i leirkomitéen.

Leiren fant stad på Knaben Leirskule siste helga i oktober. Konfirmantar er i ein alder der dei sprudlar av liv og energi. Derfor passer det utmerkt å ha leiren på ein stad med både symjebasseng og gymnastikkhall.

Dei tre dagane gjekk med til undervising, gudstenesteverkstad, konfirmantane eigen gudsteneste, lysvandring, mykje og god mat, underhaldning, og ikkje minst kiosksal, der det gjekk med uhorvelege mengder med jolebrus. Dagane vart starta og avslutta med ein andakt.

Ei fin oppleveling for både «store og små».

## Konfirmasjonar våren 2019

### Årdal kyrkje sundag 19. mai

Emilie Kjetså Arnesen, Daniel Eikerapen, Synnøve Ose Omnes og Rebecca Irene Syvertsen.

### Bygland kyrkje laurdag 25. mai

Roald Kvaale Skibsrød, Jorunn Skjevrak, Emilie Bjørgan, Martine Larsson Olsen, Linn Larsson Mjaaland, Åsne Langfeldt, Ånund Homme Egge og Silje Nerset Haugå.

### Austad kyrkje laurdag 1. juni

Tarjei Austad Igland og Guro Besteland.

### Greptin kyrkjetuft på Morstøyl sundag 9. juni

Synne Maria Frøysnes




# Smörbukk



— Kan du ikkje ta deg til noko nyttig? spør mor då han Smörbukk går og svinsar ut og inn i dørene om føremiddagen julaftan. — Jau, eg kan setja fot på juletree! kjem han på. — Så er det gjort til helga. Eg går bort i vedskojet etter det med ein gong.



— Du får vaska golvet etter deg sjølv, det vil eg berre seia! — Ja då, masa, svarar Smörbukk. Han sagar og spikkar og står i. Det var då utgjort så tjukk legg det var på denne grana — mest uråd å få foten på. Men han har hamar, og her er det makta som rår!



Men litt etter går mor og Bjørg inn i stova, og då er det ein kar som veit å ta seg til rettes sjølv. Han dreg ein stol bort til skåpet og kliv opp. — Serinakaker er fin-fine saker, mumlar han og høgg tak i fatet som står på øvste hylla. — Au, au!



— Kjem du her inn på kjøkenet med juletree? spør Bjørg. — Ja, det er så kaldt å stå borte i skojet, så eg lyt få vera her medan eg set fot på det, svarar Smörbukk, han kjem dragande med kniv og hamar og sag og juletre og slår seg ned midt på golvet.



Endeleg er han ferdig. Toppen på juletree har brotna, og fleire greiner heng og sleng litt, men elles er det ikkje verst arbeid, om han skal seia det sjølv. — Får eg ei kake for jobben? spør han. — Nei, du får venta til det er jul, du som andre, seier mor.



Det var nok alt anna enn kaker i dette fatet — det var egg. Og no fekk Smörbukk heile haugen utover seg, så han datt av stolen og hamna på golvet. — Eg tykkjer de heng like mykje med hovudet, både du og juletree, seier Bjørg då ho kjem og finn han der.

# *Jolekonsertar med Bygland Hornmusikk*

*Tekst: John Terje Melhus*

Bygland Hornmusikk held dei årlege jolekonsertane sine andre helga i advent. Laurdag 8.desember i Årdal Kyrkje klokka 17:00. Her vil me i år som i fjar ha med Vonheimkoret som skal syte for fin jolesong.

Sundag klokka 16 i Bygland kyrkje er det Kong Hane som syter for at også her vil songen lyde i adventstida.

Bygland Hornmusikk vil begge stader ha eit variert program når det gjeld jolemusikk. Alt frå gamle toner frå Frelsesaremen sitt reportoar, til nyare toner henta inn og utland. Sjølvsagt vil og «Deilig er jorden» vere med i år som alle andre år.

Me vonar dette vil bli ein koseleg førjulskveld for alle i kommunen.

I begge kyrkjene vil det vere kollekt til Bygland Hornmusikk.





2013 © Giosia De Stradis

# HARLEM SPIRIT OF GOSPEL

**Fredag 7. desember kl.19.00**

**Konsert i Bygland kyrkje med Harlem Spirit of Gospel  
Svart gospel med sangere og musikere i verdensklasse**

**Tribute to Aretha Franklin inngår i konserten**

**Billettpris: kr. 300,-**

**Forhåndssalg: [Tikkio.com](http://Tikkio.com)**

**Arrangør: Bygland sokneråd**

# Innvendig måling av Sandnes kyrkje

Tekst og foto: Olav Nilsen

I samband med budsjettet vedtok Fellesrådet å måla Sandnes kyrkje innvendig.


Det er mange år sia siste innvendige måling, og både veggar og tak flassa no ein god del.

Auklands vedlikehold har dei siste åra måla kyrkjene utvendig både i Årdal, på Bygland og i Åraksbø.

Når hausten og vinteren kjem er det tid for innvendig måling og vedlikehald, og dermed stilte firmaet opp på kort varsel, og satsar på å vera ferdig med arbeidet i god tid før jol.

Det er Darius og Rita frå Litauen som er i full sving med målararbeidet, og dei gjer som alltid eit framifrå arbeid for arbeidsgjевaren sin, Auklands vedlikehold.

Til våren stend Austad kyrkje Tveit for tur, og då vil alle kyrkjene i Årdal og Bygland sokn trona like kvite og nymåla mot himmelen.




# *Novembersol over Sandnes kapell*

*Tekst og foto: Olav Nilsen.*

I samband med kontroll av det elektriske anlegget i Sandnes kapell tok eg nokre bilete ein fager novemberdag då sola så vidt rakk over åskanten.

Sjølv om delar av Sandnes låg i skuggen for sola, nådde ho ned til kapellet som ligg så uneleg til nede ved Sandnesfjorden.

Vonar bileta kan lysa opp litt i mørketida.



# Førjolssamling i Sandnes kyrkje

Tekst: Svein Kleivane. Foto: Olav Nilsen.

Så er det tid for førjolssamlingar i bygd og by. Vonheimkoret steller til, som i mange år, ei slik samling i Sandnes kyrkje sundag 16. desember kl.18.00.

Nytt av året er at den ikkje heilt ukjende redaktøren av ei ikke heilt ukjend lokalavis, Sigurd Haugsgjerd, vil kome og dela nokre tankar med oss. Om det blir kjende eller ukjende tankar, ja det kan du koma og finna ut av sjølv!

Det blir og ei markering av at Anna Heggland sluttar som prostidiakon.

Korsong, allsong og liflege tonar ser me føre oss vil lyde utover fagre Åraksbø denne desemberkvelden. Set av tid til ei røe i kyrkjebenkane etterpå. Kaffiservering vankar og.





Kom til Guds hus!

## VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

### 2. desember. 1. søndag i advent.

Bygland kyrkje kl. 18.00. Lysmesse med konfirmantane. Astrid Carlsen syng. Kjell Steinbru. Matt 21,10-17.

### 7. desember, fredag

Bygland kyrkje kl.19.00. Gospelkonsert med Harlem Spirit of Gospel. Billettpris kr.300,-  
Førehandssal på Tikkio.com

### 8. desember, laurdag

Årdal kyrkje kl.17.00. Jolekonsert med Bygland Hornmusikk og Vonheimkoret. Kollekt til Bygland Hornmusikk

### 9. desember, sundag

Bygland kyrkje kl.16.00. Jolekonsert med Bygland Hornmusikk og Kong Hane. Kollekt til Bygland Hornmusikk

### 16. desember, sundag

Sandnes kyrkje kl.18.00. Førjolssamling med Vonheimkoret og Sigurd Haugsgjerd Korsong, allsong og avskjedsmarkering for Anna Heggland som sluttar som prostidiakon.

### 24. desember. Jolaftan. Luk 2,1-20.

Byglandsheimen kl. 13.00. Gudsteneste. Kjell Steinbru.  
Bygland kyrkje kl. 14.00. Familiegudsteneste. Anne Karin Kaasa syng. Kjell Steinbru. Ofring: Kirkens Nødhjelp.  
Årdal kyrkje kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kjell Steinbru. Ofring: Kirkens Nødhjelp.

### 25. desember. Joledagen.

Sandnes kyrkje kl. 16.00. Høgtidsgudsteneste. Rune Stormark. Kirkens Nødhjelp.  
Nattverd. Joh. 1,1-14.

### 1. januar. Nyttårsdag.

Årdal kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Matt 18,19-20. Ofring: LEGO Romania.

### 13. januar.

### 2. søndag i openberringstida.

Bygland kyrkje kl. 16:00: Familiegudsteneste. Kristine Borgen. Joh 1,29-34.  
Ofring: Israelsmisjonen.

### 20. januar.

### 3. søndag i openberringstida.

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Joh 1,15-18. Ofring: Diakoniarbeidet lokalt.

### 27. januar.

### 4. søndag i openberringstida.

Ose grendehus kl. 17:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Ordsp 14,21-22.25.31.  
Ofring: KRIK.

### 10. februar.

### 6. søndag i openberringstida.

Årdal kyrkje kl. 16:00. Familiegudsteneste. Rune Stormark. Mark 13,21-27.  
Ofring: Byglandsfjord barnekor.

### 17. februar. Såmannssøndagen.

Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Matt 13,24-30. Ofring: Bibelselskapet.

### 24. februar. Kristi forklarelsесdag.

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Familiegudsteneste. Rune Stormark. Luk 9,28-36.  
Ofring: Organisasjonen Menneskeverd.

### 3. mars. Fastelavnssøndag.

Ose grendehus kl. 17:00. Gudsteneste. Kristine Borgen. Luk 18,31-34. Ofring:  
Åpne dører.

### 17. mars. 2. søndag i fastetida.

Årdal kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Kjell Steinbru. Luk 13,22-30. Ofring: Normasjon.

### 24. mars. Maria bodskapsdag.

Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Kristine Borgen. Luk 1,39-45. Ofring: Det norske misjonsselskap.

### 31. mars 3. søndag i fastetida.

Sandnes kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste. Rune Stormark. Luk 22,28-34. Ofring:  
Misjonsprosjektet i Kambodsja

## ÆTT SKAL FYLGJA ÄTTERRAD



### Døde

Arvid Magne Gautestad, født 24.08.1948, død 01.11.2018  
Egil Bjørgum, født 26.01.1936, død 26.03.2018  
Salve Haugen, født 28.07.1929, død 11.10.2018  
Tony Elisabeth Åsegård, født 19.07.1946, død 11.11.2018  
Anne Lise Austad, født 06.03.1942, død 10.08.2018

### Lysestaker

Når born vert døypt i kyrkja får dei eit dåpslys som det er meiningsa at ein skal tenne kvart år på dåpsdagen for å minnast den. Mange kyrkjelydar har lysestakar som fylgjer med, og difor tok eg kontakt med Bjarne Nordgarden som tok utfordringa på strak arm, og dreia 15 nydelege lysestakar. No vil alle som døyper borna sine i Bygland kommune få med ein slik lysestake saman med dåpslyset.

Så vil vi vone at det blir fødde mange born her i Bygland i åra som kjem, og at foreldra vel å døype dei.

Knut Gakkstad



## Bibelkveld på Vonheim



Kvar haust brukar Bibelskapet å ha ein møteserie på Agder der ein av stoppestadene er Vonhem, Bygland.

Bibelkontaktane i sokneråda her i dalen vert særskild inviterte, men elles er møtet ope for alle. Leiarar for møtet var Monica og Per de Lange, og dei song fine songar for oss. Med seg i år hadde dei Anne Kristin og Sven Aasmundtveit som er kjende aktørar innan bibelformidling. Anne Kristin er tilsett i Bibelskapet, og har formidla bibelhistoriar gjennom muntleg forteljing i ei årrekke. Ho har også skriva fleire bøker, den siste er "Alle år har du sett meg". Sven er tidlegare pastor i Frikyrkja, men er no ikonmålar og salmediktar.

Per de Lange orienterte om neste års prosjekt som Bibelskapet har: Det er "Bibelen til nye språk i Etiopia." Vi fekk høre om eit krevande arbeid med å slutføre oversettinga av bibelen til konso-hadiyya-og kambatta språket.

Etter ei god matøykt overtok Anne Kristin og Sven Aasmundtveit, der Anne Kristin fortalte påskebodskapen på ein levande og god måte. Innimellom var det små pausar der Sven song nokre enkle songar.

Vi var vel omlag 30 stykke som fekk vere med på ein minnerik og oppbyggeleg kveld på Vonheim.

Tekst: Knut Gakkestad. Foto: Tone Norgarden Gakkestad.

### NY CD MED VERA HENRIKSEN

Song: Vera Henriksen

Gitar/koring: Wigdis Trøim

Piano: Odd Magne Myre

Bass: Ole Louis Lilloy

Trommer: Øystein Haugsgjerd

Munnspel: Charlie Blackwater

Gospel, salmar og bedehussongar

Til sals for kr.200,- + frakt kr.50,-

SMS: 982 99711

Mail: kbnilsen@hotmail.com

VIPPS: 982 99711 (Vipps ein ven)

Alle inntekter går til KVS Byglans misjonsprosjekt i Latvia



## Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18  
4745 Bygland  
Bygland kommune: ..... 37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

### Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: ..... 473 28 472  
E-post: prest@evje.kirken.no

### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: ..... 982 99711  
E-post: kbnilsen@hotmail.com

### Bygland kyrkjelege fellesråd og Bygland sokneråd

Leiar:  
Knut Gakkestad  
Mobil: ..... 948 80 383  
E-post: knutgakkestad@yahoo.no

### Årdal sokneråd

Leiar:  
Gunnar Gautland  
Mobil ..... 908 25 928  
E-post: ggautland@agder.no

### Tilsette

#### Organist

Britt Haugen ..... 472 33 165  
Torgny Sandland ..... 951 68 579  
Hans Jurgen Wiehe ..... 915 47 804

#### Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad ..... 948 80 383

#### Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid ..... 462 39056

#### Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Kim Andre Thorstensen .. 984 69 989  
Svein Kleivane ..... 977 74 321

#### Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid ..... 462 39 056

#### Klokkar, Austad

Svein Kleivane ..... 977 7 4321  
Knut Gakkestad ..... 948 80 383

#### Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034  
Marie Bue (Bygland) .... 482 10 259  
Thora Bakke Nordgarden (Sandnes) ..... 994 54 393  
Therese Gautestad (Austad) ..... 901 94676

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE  
posten  
NORGE P.P. PORTO BETALT



*Vintersol over Lauvdalsviki*  
*Foto: Olav Nilsen*